



Håndteppet vert avduka av Nelly Kjærland. Torbjørn Haugland til venstre har sett av handtrykket sitt på det.

**Den beste julafesten vi har vore på**

Dette var ein av karakterene som vart gjeve etter den tradisjonelle julafesten i bedehuset i kveld og den var fortent både for innhald og leiing. Svanhild Haugland hadde fått pakka utruleg mykje inn i ei ramme på berre vel 2 timar og dei nær 100 som kom vart ei stor oppleving rikare. Det er lenge sidan det var så mange på denne festen.

**Det var tett mellom høgdepunka, men**

framfor alt må det setjast eit utropsteikn ved avdukinga av eit unikt håndteppe som skal få si permanente plassering i kjellaren. Det er Nelly Kjærland som har hatt ideen og vore leiar for arbeidet med teppet som eigentleg vart laga for 5 år sidan.



- Der er handa mi!

Utgangspunktet hennes var bibelordet 'Kom til meg alle' og på teppet har 30 ungar frå eit halvt til 11 år symbolsk plasert avtrykk av den eine handa si. Det skjedde for 5 år sidan i regi av sundagsskulen og Kvinnherad Vekstbedrift har seinare fullført verket ved å sy saman teppet til ein harmonisk og fargerik heilskap.

Festen var ein harmonisk heilskap for gamle og unge. To verkelege nestorar i bygda var i aksjon: Gunnar Kjærland som heldt dei yngste fengsla med beretningen om sin store forkynnargjering i Afrika og Trygve Haugland som song to julesongar solo og med den røysta som framleis ikkje er svekka. Søskenparet Niklas og Ronja Lakselv song også - dei er rundt rekna 70 år yngre enn dei to nestorane!

Det heile starta med eit tablå ved Gullivergjengen om det som skjedde i Betlehem og Berta Haugland las ei gripande legende. Utruleg nok fekk programleiar Svanhild også plass til leikar for dei unge og matøkta vart sjølvstekt heller ikkje forsømt.

Det var naturleg nok to bolkar med gang rundt eit juletre som truleg er like unikt som det majestetiske og permanente midt i bygda. Uskedalen har nemlig også eit vandretre: Treet startar sitt liv som juletre under julefesten for skulen, gjer så teneste under festen på bedehuset og endar i Vonheim (altså imorgon).

Festen på bedehuset hadde eit internasjonalt preg ettersom både Danmark, Litauen og Brasil var representert. Frå Noreg var dei frå Fredrikstad dei mest langvegsfarande.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gunnar Kjærland fortel dei yngste om livet sitt